

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

TID: Fredag 30.10.2009, kl. 09:00 – 13:00

STAD: Gol Eidsgaard Hotel



**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Forfall: Oddvar Grøthe hadde meldt forfall.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontaktar Dag Stenersen, Runolv Stegane og regionkontakt Terje Moen

I sak 48 og i sak 51(dei tre fyrste kulepunkta), møtte rådmennene: Lars Ole Skogen, Hol kommune, Bjørgulv Noraberg, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune, Gabriel Johannessen, Hemsedal kommune, Else Horge Asplin, Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

SAK 47/09 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 25.8.2009 OG 23.9.2009

Vedtak

Møteprotokoll 25.8.2009 og 23.9.2009 vart vedteke.

SAK 48/09 HALLINGDAL GJENBRUKS- OG AKTIVITETSSENTER

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal ser positivt på forslaget til Hallingdal Renovasjon IKS og VINN AS Hallingdal, om etablering av *Hallingdal gjenbruks – og aktivitetssenter*, som eit tre-årig prøveprosjekt.
2. Regionrådet rår til at Hallingdal Renovasjon IKS og VINN AS Hallingdal er prosjekteigarar for prosjektet, og at desse får ansvaret for vidare organisering og framdrift i prosjektet.
3. Regionrådet rår til at den einskilde kommune forpliktar seg til å nytte arbeidsplassane det blir lagt rette for, etter nærare fastsett avtale.
4. Regionrådet rår til at *Hallingdal gjenbruks – og aktivitetssenter* blir ein del av renovasjonsordninga til Hallingdal Renovasjon IKS.
5. Regionrådet vil foreslå at ordninga blir evaluert i starten på det tredje prosjektåret.

SAK 49/09 FLÅ STASJON

Uttale (brev) til Jernbaneverket

Regionrådet for Hallingdal er kjent med pålegg frå Statens jernbanetilsyn (SJT) om utbetring av stasjonar som ikkje er tilpassa lengde og utrustning i forhold til persontog som skal stoppe for av- og påstiging. Slik Regionrådet skjønar det har Jernbaneverket tidsavgrensa dispensasjon

frå sikkerhetsforskrifta sine krav om minste tilletene plattformlengde. I denne samanheng har Flå stasjon pålegg om plattformforlenging med frist 2019.

I Jernbaneverket sitt handlingsprogram (førebels 1.oktober 2009) står det å lesa:

Det bør for de minst trafikkerte stasjonene vurderes i samråd med SJT om det er mulig å finne andre tiltak med lavere kostnad. Andre tiltak kan være system for dørkontroll, rutiner og informasjon, forskriftsendringer, andre fysiske tiltak på stasjon/ plattform eller lignende. Alternativet vil være at plattformen må stenges. Dette vil i så fall kunne medføre at stasjonen må legges ned. Etter Jernbaneverkets vurdering bør det i utgangspunktet (med enkelte unntak) ikke brukes investeringsmidler på oppgradering av plattformer for stasjoner hvor antall reisende ligger under 10 000-15 000 i året.

I denne samanheng kan det vera på sin plass å syne til Statens jernbanetilsyn sin nettstad, der det 21.10.2009 står å lesa:

Jernbanetilsynet har ikke kommet med noe pålegg om at tilpasning til forskriftens krav skal skje gjennom å forlenge plattformene. Dette kan også løses på andre måter, for eksempel ved restriksjoner på tog lengde eller sikkerhetsmessige tiltak man kommer fram til i samarbeid med jernbaneforetakene, herunder tiltak som sikrer at det bare er dører som går til plattform som kan benyttes. Hensikten må være å finne trygge løsninger for enhver stasjon og holdeplass uavhengig av størrelse.

Det er opp til infrastrukturforvalter Jernbaneverket, eventuelt i samarbeid med jernbanevirksomhetene, å finne tiltak som fører til at forskriftskravet oppfylles innen fristen for den enkelte plattform. Det er ikke lagt føringer fra tilsynet for hvordan dette kravet skal tilfredsstilles.

Regionrådet for Hallingdal forstår det slik at Jernbaneverket har eit ynskje om å finne alternative og enklare løysingar for dei minst trafikkerte stasjonane. Ut frå Statens jernbanetilsyn si tilnærming, er det etter Regionrådet for Hallingdal si oppfatning, eit godt grunnlag for å koma fram til gode løysingar, for å sikre framleis drift ved Flå stasjon.

Når det gjeld framtidig utvikling av Flå stasjon vil Regionrådet for Hallingdal peike på den svært positive utviklinga som skjer i Flå. Som ein illustrasjon syner me til oppslag i Hallingdølen 27.10.2009 (vedlagt).

Etter Regionrådet sitt syn er det også heilt naudsynt å sjå utviklinga av Flå stasjon i samanheng med bygging av Ringeriksbanen. I eit slikt perspektiv og med den positive utviklinga som skjer i Flå, bør det heller vurderast korleis Flå stasjon skal vidareutviklast.

Regionrådet for Hallingdal har gjennom mange år arbeidd for ei positiv utvikling av Bergensbanen og ynskjer ein tett dialog med Jernbaneverket, i samband med utvikling av framtidig stasjonsstruktur.

SAK 50/09 ORIENTERING OM PÅGÅANDE ARBEID I REGIONRÅDET

Dagleg leiar orienterte om ein del av pågåande arbeid i Regionrådet.

Vedlagt presentasjon.

SAK 51/09 EVENTUELT

Olaug Grønseth Granli var med under fyrste punkt i sak 51.

- Hallingdal Barneverntjeneste

Rådmannsutvalet orienterte om status for arbeidet med tilrettelegging for felles barnevernteneste.

- Rydding langs Rv7, Rv52 og Rv50.

Avtalar med entreprenørar i samband med ryddeprosjektet er i avsluttingsfasen. Arbeidet vil starte opp i haust og avsluttast våren 2010. I samband med prosjektet skal det også lagast ein skjøtselsplan der det vil vera naturleg at kommunane har ansvaret for gjennomføring av vedlikehaldsrydding i inntil 10 år. Prosjektet vil starte ein prosess for å avklare gjennomføring av årleg vedlikehald.

- Budsjettrutinar interkommunale /regionale selskap og samarbeidsprosjekt
Det vart drøfta korleis budsjettrutinar mot eigarkommunane fungerte for interkommunale /regionale selskap og samarbeidsprosjekt. Med bakgrunn i drøftingar bad Regionrådet Rådmannsutvalet om å lage ei sak/forslag til korleis ein kan få like budsjettrutinar mot eigarkommunane for alle interkommunale /regionale selskap og samarbeidsprosjekt, med unntak av AS.
- Forum Nye Bergensbanen
Regionrådet drøfta søknad om frå FNB om vidareføring av arbeidet og tilskot for 2010. Eventuelt tilskot blir å løyve frå den einskilde kommune.
- Møte med Buskerudbenken
Det skal arbeidast vidare med tanke på å få til eit årleg møte mellom Regionrådet for Hallingdal og Buskerudbenken. Dagleg leiar fekk og i oppdrag å invitere rådgjevarar frå Hallingdal som arbeidar for stortingsgruppene, til neste møte i regionrådet.

Ål 2.11.2009

for rådsordførar
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Presentasjon sak 50.

.